



Til foreldre/føresette

Seim skule 12.juni 2018

Om ei veke er skuleåret 2017-2018 over. Skuleferie nærmar seg og i den samanheng kjem her litt informasjon om siste skuledag og skyss heim.

I forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2017-2018 Lindås kommune står det:

Siste dag før jul og sommar

Siste elevdag før jul og sommar skal følgja skuleruta. Skulane sluttar etter 4.time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar har vore ein kompensasjon for kveldsarrangement (ikkje obligatorisk undervisning) gjennom skuleåret.

Siste skuledag før sommar, fell i år på ein torsdag. Nobina har ikkje høve til å regulere bussrutene. Bussane følgjer dermed dei ordinære rutene. Det vil seie at det går bussar frå skulen kl.14.20. I samråd med FAU tillet vi oss i år som i fjor, å høyre om de foreldre kan hjelpe oss sånn at elevane i tråd med forskrifta kan avslutte skuledagen kl.12.15. Har de høve til sjølv å hente, ev samarbeide med andre foreldre sånn at elevane kjem seg heim, hadde det vore veldig fint. Om de ikkje har høve til dette, ber vi om ei skriftleg tilbakemelding, og vi vil da organisere eit opplegg her på skulen fram til ordinær skuleslutt. Det vert ikkje krevd betaling for dette tilsynet. Elevar med ordinær plass i SFO og som ikkje kan hentast, har sjølvstakt høve til å vere i SFO dagen ut.

På førehand takk for hjelpa!

Helsing

Anne Wergeland – rektor

Retur til skulen:

Eg / vi har ikkje høve til å hente _____ torsdag 21.juni kl.12.20
eleven sitt namn

Eleven skal ta buss kl.:

Eleven vert henta kl.:

Eleven skal vere i SFO som vanleg til kl.:

underskrift foreldre/føresette